



## Kort orientering om status for gjennomføring av ein del vedtak/svar på spørsmål

### Solskjerming Helsehuset Dale

Bestilling og planlegging av løysing er ferdig. Elektrikararbeid er i gang. Montering av solskjerming vil skje i mars/april.

### Trafiksikring Dale

Skilt bestilt og levert. Skilt satt opp eller under oppsetting i Sandlivegen, Elvavegen, Kalvakroken mm. Redusert fart der skilt er på plass. Fartsdumpar vert etablert i vår når tela i bakken er borte.

Gangveg Dale sentrum-Turbinen er eit samarbeidsprosjekt med Bane Nor og BKK. Heng saman med arbeidet på Dale stasjon. Det skal leggast diverse kablar og jernbanesviller skal fjernast. Når traseen er heilt klar skal kommunen ferdigstille gangveg/fortau.

### Brannstasjon Vaksdal

Nokre utfordringar underveis og det har tatt noko tid å få alle godkjenningar på plass. Oppstart med garderobane i nær framtid slik at brannstasjonen kan takast i bruk til sommaren. Isolering i hallen vert tatt til slutt.

### Asfaltering - prioriteringsliste

Kommunale vegar vert undersøkt og vurdert no etter vinteren. På bakgrunn av dette vert prioriteringslista oppdatert. Vert lagt fram for formannskapet så snart den er klar.

### Drift gravplassar

Tenesteytingsavtalen er under revidering og vert lagt fram til møte i april.

### Kollektivterminal Dale

Arbeid med endring av reguleringsplan pågår. Fylkeskommunen har varsla oss munnleg at det er noko midlar til tiltaket i budsjettet , men at kommunen må rekne med å ta på seg utbyggingsansvaret. Det vert utarbeida kostnadskalkylar i samband med reguleringsplanen. Saka vil kome til behandling når dette er klart.

### Dalehallen

To vedtak om sak Messo og Dalehallen. Grunna manglande kapasitet/kompetanse ikkje levert. Hausten 2021 vart det bestilt noko konsulentarbeid som av ulike grunner ikkje er levert enda. Saka vert jobba med no, den er kompleks og krev ein del undersøkingar og eksterne bidrag. Alternativt kan vi dele saka og prioritere Dalehallen først sidan den krev mindre utgreiing. Er det ynskjeleg?

---

#### Post

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

#### Kontakt

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00

Konto  
Org.nr. 961 821 967

### Orientering om arbeid etter skader på fotballbana på Vaksdal

Etter dagar med store nedbørsmengder oppsto det store skader på fotballbana på Vaksdal. Dei første dagane vart området sikra og vatn drenert vekk. Takstmann frå forsikringsselskapet synfarte området saman med fagfolk frå kommunen. Røyrsystemet for overvatn i grunnen vart undersøkt med kamera og viste skader på fleire rør. Det er videre gjennomført undersøkingar med geoteknikar for å sikre at grunnen er stabil.

Kommune vil no planlegge for grundigare grunnundersøkingar ved hjelp av prøveboring. Dette for å dokumentere kva grunnen inneheld av ulike massar. Dette arbeidet vil vere av eit omfang som gjer at kommunen må konkurranseutsetja jobben iht. forskrift om offentlege anskaffingar. Dette fører til at det vil ta noko tid før ein kan starte sjølvre arbeidet.

På bakgrunn av desse prøveboringane vil ein gå vidare med prosjektering for handtering av overvatn i området og planlegging for utbetring av idrettsanlegget. Saka vil kome til politisk behandling.

Prosjektering av nytt OV-anlegg og utbetring av fotballbana vil vere av slikt omfang at det må lysast ut som offentleg anskaffing. Dette fører til at noko tid vil gå med før oppstart at dette arbeidet.

Kommunen har god og løpende dialog med idrettslaget og har fulle forståing for den vanskelege situasjonen dei står i. Grunna det lange tidsaspektet før fotballbana vil vere brukande att, har idrettslaget på Vaksdal, saman med kommunen, byrja å sjå på moglegheitene for å etablere midlertidige løysingar. Dette prosessen er i gang og vil vonleg kunne ta snarleg avgjerd om å gå vidare med slik løysing. Dette vil ikkje vere eit fullverdig tilbod, men vil kunne stetta behovet til dei yngste borna og halda noko av aktiviteten i gang i idrettslaget. Me oppmodar også til godt samarbeid mellom dei lokale idrettslaga for å avhjelpe situasjonen.